

Referat frå møte i kunstkomiteen for (nye) Voss gymnas

31.august. kl. 10.30 – 14.15

Stad: Voss gymnas

Til stades: Petra Rahm (kunstkonsulent), Raket Marøy (Voss husflidsskule), Per Højgaard Nielsen(arkitekt), Merete Hauge(HFK Egedomsseksjonen), Tone Stedal Haugland(HFK Kultur- og idrettsavd, (referent). Sara Rykke Mandelid (elevrepr. Voss Gymnas) og Gunnar Hemre Ringheim(HFK Egedomsseksjonen) meldte forfall til møtet. Kunstnar Britt Smelvær deltok også.

1. Godkjenning av innkalling og referat - ingen merknader

2. Gjennomgang av forslag til kantine, Britt Smelvær:

Storleiken på «bileta» blir 3,05 meter høgde, 1,56 breidde.

Per sjekkar kva krav det er til akustikk i kantina, og tek en vidare dialog med Hilde Løvvik (Multiconsult) om dette. Det vart diskutert litt kring om det kunne vere naudsynt / bra å bruke akustikkplater el i / bak kunstverket. Om det er hensiktsmessig kan Per vidareformidle kontakt mellom akustikar el og kunstnar.

Veggen er i betong og gips. Det må leggest spikarslag på heile veggen der det er gips. Kunstnar ønskjer ei teikning der det er markert kva type materiale som er på (dei ulike delane av) veggen. Det vart sett opp som eit mogleg alternativ å felle bileta inn i veggen.

Kunstnar bør arbeide med spesifikke fargekoder, sånn at ein kan finne fargane igjen, i tilfelle det oppstår behov for å «flikke» på malinga Det bør brukast materiale som tåler ein viss slitasje. Kunstnar leverar vedlikehaldsmanual, med instruksjonar for reinhald og vedlikehald på kortare og lengre sikt.

Utvalet føreslår heller å belyse heile veggen enn å ha belysning inne i verka. Ei jamn belysning over heile veggen – «wallwashere» - vil fungere best. Dette må det leggest opp for i himling. Lyset bør kunne justerast i styrke.

Det er opprinneleg føreslått ein fast benk langs heile veggen i kantina. Dette vil fungere dårleg saman med kunsten. Per lager noen nye forslag for fast sitteinnreiing, som Smelvær vil få sjå på. Det må også sjåast på løysinga som opprinneleg er tenkt kring te-kjøkkenen i personaldelen i kantina. Kan hende dette kan takast ut frå veggen som ei kjøkkenøy.

I Britt Smelvær sitt forslag var det skisse til utsmykking på glasveggen mellom dei to delane av kantina. Dette er verken kunstnar eller komite sikker på om bør vere med. Dette må diskuterast vidare.

Val av fargar etc på møbler må koordinerast med kunsten. Merete tek med fargeprøvane og snakkar med Guro Kjellerød om dette.

Bygget vert etter planen overteke 28. februar. Møblering frå 1. mars. Vi føreslår at kunsten vert montert i forbindelse med møblering, altså etter 1. mars.

Kontrakt: Godkjend gjennomføringsplan skal levast 1. oktober (datoen kan skyvast ved evt behov). Kva denne planen skal innehalde går fram av dei ålmenne kontraktsvilkåra.

Adresseliste til hele kunstutvalet sendes med referat (Petra)

Petra undersøker regelverk når det gjeld toll og mva (KORO, skjema?) frå Danmark til Noreg.

3. Synfaring på byggeplassen

Møte i kunstutvalet vidare:

4. Gymsalveggen

Det er usikkert om vi kan bruke utandørs vegg som planlagt(gymsalveggen). Det gamle bygget skal renoverast, og overtaking av dette er sett til 01.01.18. Dette gir oss litt meir tid i forhold til dette. Saka må også diskuterast med Fylkeskonservator.

5. «Gladiatorgangen»

Petra la fram forslag følgjande utøvande kunstnarar for «Gladiatorgangen»:

Løvaas og Wagle

Marius Martinussen

Kiyoshi Yamamoto

Linda Soh Trengereid

Erik Friis Reitan

Edith Lundebrekke

Marianne Berg

Utvalet vart einige om å invitere Kiyoshi Yamamoto og Marius Martinussen til parallell-opdrag, etter at vi har undersøkt /funne ut kva krav som finnes i forhold til akustikk i gangen (Per). Det kan vere aktuelt å be kunstnarane arbeide på / med akustikkplater.